

Norges Skogeierforbund
Norskog

Deres ref

Vår ref
201200462

Dato
23 APR 2012

Vern av friluftsområde i Marka

Eg viser til brev 8. februar 2012 frå Norges Skogeierforbund og Norskog om prosessen for arbeidet med vern av viktige friluftsområde i Marka.

Markaloven § 11 er ein unik vernebestemmelse som gir høve til å verne område som på grunn av naturopplevingsverdiar har særskilde kvalitetar for friluftslivet. Fylkesmannen i Oslo og Akershus har på oppdrag frå Miljøverndepartementet sett i gang ein prosess for å verne slike viktige friluftsområde.

For å sikre faglig godt funderte vurderingar av kva som er slike viktige friluftsområde, fekk Norsk institutt for naturforskning (NINA) i november 2010 i oppdrag å utarbeide ein metode for kartlegging og verdsetjing av slike område. Metoden vart utarbeidd på bakgrunn av dei kriteria for vern som kjem fram i Ot.prp. nr. 23 (2008-2009) om markaloven. Rapporten til NINA vart lagt fram i mars 2011.

Våren 2011 fekk kommunar samt marka- og skogeigarorganisasjonane høve til å foreslå område med særskild høge kvalitetar for friluftslivet som kunne vere aktuelle for vern etter markaloven.

Fylkesmannen tok i mot 174 forslag, og etter ein gjennomgang av desse vart 32 av dei plukka ut som aktuelle for nærare kartlegging. Etter ein open anbudskonkurranse våren 2011 vart Sweco Norge AS tildelt oppdraget med å kartlegge områda på basis av metoden utvikla av NINA.

Kartlegginga er no ferdig. Som de kjenner til, vart rapporten med resultatata frå

kartlegginga lagt fram i februar. Dette er ei unik og historisk kartlegging, da liknande kartlegging av område som er viktige for friluftslivet i Osloområdet, ikkje har vore utført tidlegare.

Kartlegginga syner at mange av områda skårar høgt både på naturverdiar og på friluftsverdiar. Enkelte område skårar likevel mykje høgare på friluftsverdiar enn naturverdiar – og for andre område er det motsett.

Eg deler skogeigarane sitt ynskje om at verneprosessen skal skje gjennom prosessar der grunneigar og staten blir einige. Eg vil sørge for at vern av privat eigd skog i Marka som tilfredsstillar krava til vern etter naturmangfoldloven, så langt som mogleg vert gjennomført som "frivillig vern" etter naturmangfoldloven § 37. Eg legg til grunn at dette vil vere aktuelt for ein vesentleg del av dei kartlagde områda.

For andre friluftsområde vil det vere aktuelt med vern etter markaloven § 11, og også for desse områda vil det verte lagt opp til omfattande dialog og medverknad i prosessen.

Eg legg til grunn at vi utviklar slike samarbeidsprosessar som omtala over.

Verneprosessar etter begge lovverk vil bli starta opp parallelt.

Eg vonar den vidare prosessen blir prega av god dialog, og har tru på at ein finn løysingar som alle kan leve godt med.

Med helsing

Bård Vegar Solhjell

Kopi:

Landbruksministeren

Fylkesmannen i Oslo- og Akershus ✓